



Saksmappe: 2024/500
Sakshandsamar: SBJ
Dato: 02.05.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
76/25	Planutval	02.06.2025
75/25	Kommunestyret	26.06.2025

Innspel til kommuneplanen-første vurdering

Kommunedirektørens si tilråding

Kommunestyret sluttar seg til grovsiling av innspel til ny arealdel, slik det kjem fram i tabellen i saksutgreiinga, og med grunnlag i dei vurderingar som er gjort i tabellen i vedlegget.

Planutval si handsaming av sak 76/2025 i møte den 02.06.2025:

Handsaming

Sigmund A. Trydal (SP) ba planutvalet vurdere hans habilitet jf. Fvl. 6-2. Han har gjeve innspel til planen som grunneigar.

Planutvalet vurderer Trydal som ugild i handsaming av eige innspel, men kan delta i handsaminga av resten av saka. Vedteke med 4-2 (Olav Skinnarland (Krf) og Nina Skiftenes (BB))

Administrasjonen vil greie ut meir habiliteten til Trydal før saka kjem kommunestyret.

Framlegg frå Sigmund Trydal (SP): Ta med forslag 5 og 6

Røysting: framlegget blei samrøystes vedteke

Framlegg frå Espen Mikkelsen (V): Ta ut forslag 2, BFR 26, av planen.

Røysting: framlegget blei vedteke med 6-1 (Nina Skiftenes (BB)

Røysting over kommunedirektøren si tilråding - samrøystes

Kommunedirektøren si tilråding med endringane blei vedteke

Vedtak

Kommunestyret sluttar seg til grovsiling av innspel til ny arealdel, slik det kjem fram i tabellen i saksutgreiinga, og med grunnlag i dei vurderingar som er gjort i tabellen i vedlegget.

Ta med forslag 5 og 6

Ta ut forslag 2, BFR 26, av planen

Kommunestyret si handsaming av sak 75/2025 i møte den 19.06.2025:

Handsaming

Vedtak

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Arealinnspel er vurdert etter tiltaksanalyse og etter arealstrategi vedteke i samfunnsdelen og planprogrammet. Dei innspela som blir silt bort i denne omgang blir ikkje tatt med vidare til konsekvensutgreiing og vidare vurderingar.

Andre arealendringar basert på nye nasjonale og regionale føringar, og vidareføringar av ulike arealføremål og eventuelle endringar som kommunen føreslår sjølv vil bli vurdert seinare.

Bakgrunn for saka

Det er varsla oppstart av arbeidet med arealdelen av kommuneplanen og frist for å kome med innspel var 24.03.2025.

Det kom inn 15 innspel som går direkte på endring av arealføremål.

Det er 3 innspel som går på å oppretthalde / vidareføre noverande arealformål.

Nokre innspel er vanskeleg å sette i ein bestemt kategori.

I vedteke planprogram har ein lagt opp til «grovsiling» av innspela før vidare vurderingar.

Frå planprogrammet:

Innkomne arealinnspele vil bli vurdert opp mot den overordna arealstrategien. Innspele som ikkje er i tråd med disse vil bli silt bort tidleg i planarbeidet. Det vil bli fremma ei eiga politisk sak om kva innspel som ein føreslår silt bort og grunngjevinga for dette. Arealinnspela som legg til rette for nye utbyggingsområde eller fører til vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområder, vil bli konsekvensutgreia, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 6. Resultatet av konsekvensutgreiinga vil svare ut om arealinnspele blir foreslått tatt med vidare eller blir silt ut.

Arealinnspela som blir / vurdert vidare

- innspel i tråd med arealstrategien

- arealinnspeil om justering av føremålsgrenser
- arealinnspeil som blir vurdert å ha stor samfunnsnytte

Arealstrategi:

I kommuneplanen sin samfunnsdel vart det vedteke arealstrategiar som føringar til arbeidet med ny arealdel. Desse er:

Sosial berekraft

1. Kommunen vil legge til rette for vidareutvikling av Bykle kyrkjebygd med bustader, handel og møteplassar og gåvenlege sentrum.
2. Det skal leggst til rette for leilegheiter og mindre bueiningar i båe sentra.
3. Kommunen vil legge til rette for både nye bustadkonsept, lys i dagens bustader og gardsbruk og høve til bustadbygging i grendene.
4. Det skal leggst til rette for friluftsliv i nærområda til bustader og fritidsbustader og trygge skuleveggar og ferdselsårer til sentrum.
5. Sikre aktivitetsaksen langs elva frå Hegni til skisenteret på Hovden.

Økonomisk berekraft

6. Hovudstruktur for næringsareal i kommuneplanen frå 2019 vert vidareført. I tillegg skal det vurderast eigna areal for større kraftkrevjande etableringar nær kraftproduksjonstaden i Bykle og eigna areal for lager for handverkarverksemder ved Hovden.
7. Legge til rette for areal til forsterka nettkapasitet for nye etableringar
8. Legge til rette for at destinasjon Hovden skal dreiest mot heilårsaktivitet med attraksjonar, levande sentrum og aktivitetssområde i samarbeid med næringslivet.
9. Framtidig hyttebygging skal i hovudsak skje i midtregionen.
10. Vurdere korleis lokalisering av næringsområde og funksjonar kan bygge opp under sentrumsutvikling i Bykle Kyrkjebygd.
11. Sikre dyrkbart areal og kulturlandskap for lokal matproduksjon og utvikling av reiseliv.

Miljømessig berekraft

12. Naturen og naturressursane er grunnlag for busetting og reiseliv i Bykle, og vi vil forvalte areala i eit generasjonsperspektiv.
13. Vidareutvikling av Hovden som reiselivsdestinasjon skal i hovudsak skje innafør allereie avsette byggeområde og med miljømessige berekraftige utbyggingsformer.
14. Vurdere fortetting og høgare utnytting i sentrumsnære hytteområde med tilstrekkeleg infrastruktur.
15. Ein skal legge til grunn at nye byggeområde ikkje skal leggast på myr.
16. Vurdere ei langsiktig byggegrense (kotehøgde) mot fjellet i pressområde og kunnskapsbaserte grep for å kanalisere ferdsel bort frå sårbare område for villrein, som tilrettelegging av løyper i låglandet og sentrumsnært.
17. Tidlegare vedtatt arealbruk skal revurderast på bakgrunn av ny kunnskap om klimaendringar, samfunnstryggleik, myr og andre naturverdiar og nye nasjonale og regionale føringar. Ein opnar for å ta ut konfliktfylte byggeområde i gjeldande kommuneplan.
18. Ved vurdering av framtidig arealbruk skal ein ha merksemd på førebygging og konsekvensar av klimaendringar.

Formelt grunnlag

PBL § 11 Kommuneplan

§ 11-5 Kommuneplanens arealdel

§ 11-5 Kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.

Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedformål og hensynssoner for bruk og vern av arealer.

Kommunen kan etter vurdering av eget behov detaljere kommuneplanens arealdel for hele eller deler av kommunens område med nærmere angitte underformål for arealbruk, hensynssoner og bestemmelser, jf. §§ 11-7 til 11-11.

Samandrag innkomne innspel

Desse innspela ynskjer å oppretthalde /videreføre dagens arealformål:

35.Uleberg ANS: Halde på BFR 29, 29,30 og 31 i Hovden Aust og i Hovden sentrum.

29.Torfinn Haugen: Halde på BFR 13 i midtregionen

19. AS Sætersdalen: Bygge utleigehytter og låvehotell i tråd med LNF rundt gardstunet.

Bygge ut «Urban natur» i tråd med formålet.

Bygge Otrosåsen Traceless og Summit innafor regulert formål.

Lage fleire aktivitetar innafor friluftsområde.

Noverande Otraveg legg hindringar for å realisere bakeritomta og omegn. Den bør byggast i tråd med reguleringsplan.

Desse innspela ynskjer endringar av arealformål:

32. Knut Hovden mfl :Utvide felt FB7 mot aust frå LNF til byggeområde for fritid, BFR

Utvide Hartevasstrondi i sør og nord frå LNF til byggeområde for fritid, BFR.

Utvide Solheimsmoen hyttefelt nord,sør aust frå LNF til byggeområde for fritid, BFR.

Legge inn Reinane (tidlegare BFR 24) frå LNF til byggeområde for fritid, BFR.

30.Geir Åge Nomeland: Vil legge BFR 29 og BFR 30 i KDP Hovden Aust som LNF.

19. AS Sætersdalen :

Vil omregulere området regulert til bustad, B2 til kombinert bustad og fritid.

Eigar ynskjer endring frå LNF til fritid, BFR rett oppafor/aust for bustadfeltet

Stussli og Austmannlii.

Dei ynskjer å endre ein teig vis a vis Solheimsmoen frå LNF til fritid, BFR.

Dei ynskjer å sette av område sør for Vidsyn frå LNF til BFR, (Vidsyn 3).

Steinar Bruskeland ynskjer å sette av eit stort område i Berdalen til fritid, BFR og utleige BFT.

Alf Ånund Breive ynskjer at slaktebrakka, gnr.1 bnr. 28 vert omregulert frå offentlege formål til fritid, BFR

Vegard Vatnedalen ynskjer at BFR 13 i midterregionen vert tilbakeført til LNF.

Sigmund Trydal ynskjer at sommarløype frå Optestøyl til Bjørnara vert tatt ut av planen. Dette kjem vi tilbake til i den delen av arealdelen som handlar om stiar og løyper.

Vurderingar og konsekvensar

Vurdering og grunngeving for siling av arealinnspel ligg som vedlegg til saka.

Dei områda som har fått «nei» vert føreslege ikkje teke med vidare til ei konsekvensutgreiing (KU).

Dei som innspela som har fått «ja» vert føreslege teke med vidare og vil bli konsekvensutgreia etter KU-rettelær.

Andre mottekne innspel som ikkje er konkret arealrelatert vil bli vurdert seinare.

Administrasjonen vil også kome med innspel på ulike tema; til dømes næringsområde, bustader, areal til forsvaret (øvingssområde) samfunnssikkerheit og beredskap og anna.

Innspel frå statlege og regionale myndige vil også bli vurdert nærare i seinare sak og i KU.

Byggeområde som ligg inne i dagens kommuneplan og som det ikkje er kome innspel til, har ein ikkje tatt stilling til førebels. Statlege og nasjonale føringar har forventning om at ikkje-utbygde areal som ligg inne i dagens kommuneplan blir grundig vurdert i ljøs av nye nasjonale og regionale forventningar. Administrasjonen vil førebu dette med m.a. dokumentasjon og feltarbeid (med studentar i sommar) for å ha eit godt grunnlag til vidare vurdering av desse i haust.

Det kan kome kostnader til naturtypekartlegging og andre utgreiingar på nye og eventuelle endringa arealbruk. Ein kjem tilbake med eigen politisk sak dersom arbeida krev ekstra økonomiske ressursar utover avdelinga si driftsramme.

Arbeidet med sti- og løypeplan vil bli eit eige prosjekt som del av kommuneplanen sin arealdel. Dette vil bli prioritert og gå parallelt med oppstart hausten 2025. Det vil bli lagt fram eigen sak om prosess og medverknad. Kommunen har fått støtte frå Fylkeskommunen til å arbeide med denne i tråd med ny nasjonal rettleiar og fylkeskommunen vil bidra gjennom drøftingar relatert til sti-løype og besøksforvaltingsstrategiar framover.

Samandrag av tilråding / grovsiling er som følgjer:

	Nr i Elements, namn/grunneigar	Område	Tilråding
1	46.Rhett Tønnesen	Bustad i Breive (1/118)	Ja, blir vurdert vidare.
2	35. Uleberg ANS	BFR 26 Hovden Aust	Ja, blir tatt med vidare.
3	35 .Uleberg ANS	BFR 29-30 Hovden Aust	Ja, blir tatt med vidare.
4	35. Uleberg ANS	BFR 31 Hovden Aust	Ikkje endra.
5	32.Fam. Gunda Hovden	Utviding av FB 7 Hartevasslia	Nei, det vert ikkje tatt med vidare, men det som ligg inne idag blir vurdert vidare.
6	32. Fam Gunda Hovden	Utviding av Hartevasstrondi	Nei, det vert ikkje tatt med vidare
7	32. Fam Gunda Hovden	Utviding av Solheimsmoen	Ja, det blir tatt med vidare.

8	32. Fam Gunda Hovden	Reinane	Nei, det vert ikkje tatt med vidare.
9	29.Torfinn Haugen	Dalen,BFR 13	Ja, det blir tatt med vidare.
10	19.AS Sætersdalen	Hytteområde aust for Stussli og Austmannlii	Nei, det vert ikkje tatt med vidare
11	19.AS Sætersdalen	Solheimsmoen sør	Nei, det vert ikkje tatt med vidare.
12	19.AS Sætersdalen	Vidsyn 3	Ja, det vert tatt med vidare
13	17. Steinar Bruskeland	Berdalen, Der Nede	Nei, det vert ikkje tatt med vidare.
14	41 Alf Ånund Breive	Slaktebrakka	Ja, vert vurdert vidare.
15	19.AS Sætersdalen	Fjellgarden Hovden	Nei, vert ikkje tatt med vidare.
	19,AS Sætersdalen	Otrosåsen, Traceless	Nei, vert ikkje tatt med vidare.
17	19,AS Sætersdalel	Urban Natur	Ikkje endring
18	19,AS Sætersdalen	Bustadområde Breivevegen	Nei, vert ikkje tilrådd endra

19	14,Vegard Vatnedalen	Ynskjer tilbakeføring til LNF, Dalen	Sjå kommentar til Torfinn Haugen, nr 9
20	18.Geir Åge Nomeland	Ynskjer tilbakeføring til LNF Bfr 29 og 30	Sjå kommentar til Uleberg ANS, nr 3
21	39,May Linn Mersland Haugen	Ynskjer ikkje utbygging i Berdalen	Sjå kommentar til Steinar Bruskeland, nr 13

Tilhøve til kommuneplanen

Saka er basert på nyleg vedteken samfunnsdel og arealstrategiar og følgjer opp vedteke planprogram for arbeidet med ny arealdel.

Bykle, 30.04.2025

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Innspill til planprogram- kommunens arealdel.pdf
- 2 Innspill til planprogram for kommuneplanens arealdel
- 3 3205 SteinarBruskelandInnspillKP.pdf
- 4 Innspel til rullering av KP
- 5 3205 InnspelRulleringKP - AS Sætersdalen.pdf
- 6 Innspel kommuneplan 2025-2035 - AS Sætersdalen
- 7 Innspel angående 6/44 i planprogrammet
- 8 Innspill til planprogram.pdf
- 9 Innspill til Kommuneplanens arealdel 2025-2035
- 10 Innspill Kommunedelplan .docx
- 11 Innspill til Kommunedelplan Hovden
- 12 InnspelKP 2 1.pdf
- 13 Innspel til kommuneplanrullering
- 14 Innspel til kommuneplanens arealdel i Bykle
- 15 Innspel til kommuneplanens arealdel i Bykle
- 16 Innspel til kommuneplanens arealdel i Bykle 1/28 Slakteplassen 9

- 17 Innspill.pdf
- 18 Situasjonsskart_komplan.pdf
- 19 Bilde.jpeg
- 20 Innspel til Kommuneplan Bykle

Melding om vedtak blir sendt til: